

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigen var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som egentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

### litt om tema

Alle som veks opp i dag, alle som opnar eit glansa magasin eller ei sjølvhjelpsbok får høyre det same: Du er unik og spesiell, einestående og fantastisk. Og dette er jo på sitt vis heilt rett det, sjølv om dei fleste av oss ofte kjenner oss ganske normale.

Men om vi får høyre aldri så mykje at vi er unike, så verkar det som det alltid er nokon som er meir unike enn oss. Vi blir liksom aldri spesielle nok, utstrålinga vår og personlegdomen vår blir aldri så bra som dei vi samanliknar oss med.

Heltane og heltinnene våre ser jo ut til å klare seg sjølv ganske bra. Dei ser ikkje ut til å vere avhengige av nokon. Dei ser alltid flotte ut og har alltid ein vittig replikk på lur. Kvifor blir vi aldri meir enn nest best, uansett kva vi gjer?

Jesus er ein annleis helt, han leier oss mot ein ny identitet som ikkje handlar om å blåse opp vårt tomme ego, men om å byggje karakter og personlegdom for evigheita. Og prisen for dette har han allereie betalt.

# EINESTÅANDE INDIVID

Les teksta  
Matt. 16, 21-26



Bibel

### -vegleiande spørsmål:

- Om du var ein av dei tolv disiplane, korleis trur du at du ville reagert på det Jesus planlegg å gjere? (Matt 16,21)
- Korleis lev Jesus sjølv ut det som står i vers 24 og 25? Og veit de noko om korleis læresveinane og andre kristne levde dette ut etter kvart?

### -den ærlege samtalen



Fellesskap

- Kven var heltane dine då du var yngre? Har du blitt som dei, og er det i så fall bra eller dårleg?
- Kva ville skje om Gud fekk forme identiteten din i større grad? Kva tenkjer du kjenneteiknar menneske som finn sin identitet i Jesus?

### - gjennom deg og vidare



Misjon

Kva vil du seie er den gode budskapet til alle som kjenner at dei ikkje «får til» livet sitt?

Og til dei som ser ut til å få alt så bra til på eiga hand?



Raushet

### - takksam deling

Kva er skilnaden på å byggje image og å byggje karakter? Korleis kan det eine gjere oss sjølvopptekne og det andre gjere oss rause?

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
Den store skilsmissa (1944)



Bøn

### - takk, bøn og forbøn

- Takk for at de alle er skapt som unike personar, og at kvar og ein av dykk er elska av Gud.
- Be om hjelp og vegleiing til å rydde opp i dei tinga i liva dykkar som berre byggjer opp egoet dykkar og som ikkje fører fram i lengda.
- Takk for alt Jesus har gjort slik at vi kan få kalle oss Guds barn og arvingar.
- Del gjerne bønemne og be for kvarandre

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalanene, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva hørde eg?

Kva gjer eg med det?



-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode